

SAK 56/23 CAMPUS HALLINGDAL, FRÅ FORPROSJEKT TIL ETABLERINGSPROSJEKT**Saksopplysning:**

Regionrådet for Hallingdal handsama forprosjekt campus Hallingdal i [sak 43/22](#) der det vart gjort slikt vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal støttar ambisjonane om etablering av campus Hallingdal, med Gol som vertskommune.
2. Regionrådet for Hallingdal vil i samband med forprosjekt Campus Hallingdal stå som prosjekteigar fram til eit eventuelt etableringsprosjekt.
3. Regionrådet for Hallingdal har som intensjon å underteikne ei intensjonsavtale saman med Gol kommune og Universitetet i Sørøst-Norge når denne er klar.
4. Tre-part samarbeidet Regionrådet for Hallingdal, USN og Gol kommune har i forprosjektet mandat til å avklare mogelegheitene og legge til rette for å utvikle eit fleircampuskonsept i Hallingdal, sentralt i Fjellnoreg. Dette skal tene heile landet i tillegg til å møte regionens egne kompetansebehov. Som grunnlag for eit Campus Hallingdal er permanent nærvær, som skal ta hand om studiekvalitet, livslang læring og kunnskapsbasert regional utvikling. Forprosjektet skal danne grunnlaget for eit hovudprosjekt/etableringsprosjekt. Endeleg mandat blir vedteke i samband med prosjektplan.
5. Forprosjektet blir gjennomført etter PLP-metoden.
6. Prosjektplan blir lagt fram for Regionrådet for Hallingdal i aug 2022. Det skal utarbeidast detaljert framdriftsplan i samband med prosjektplan, men det er føresett at forprosjektet skal avsluttast innan våren 2023.
7. Forprosjektet har ei økonomisk kostnadsramme på kr. 800.000, føreslege finansiert slik:
 - Regionrådet for Hallingdal løyver: kr. 200.000
 - Det blir søkt midlar frå Sats på Hallingdal: kr. 200.000
 - Gol kommune: kr. 400.000
8. Administrasjonen i Regionrådet avklarar med Viken fylkeskommune eventuell deltaking i forprosjektet.

I [sak 58/22](#) handsama Regionrådet prosjektplan med slikt vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal vedtek prosjektplan datert 22.8.2022
2. Prosjektansvarlig (PA) blir Heidi Granli
3. Regionrådet for Hallingdal foreslår at styringsgruppe er representert ved prosjekteigarar, der Regionrådet for Hallingdal og USN har 2 representantar kvar og Gol kommune har ein representant. Det blir opna for at Rådmannsutvalet stiller med ein representant. Dette blir avgjort i løpet av veke 36.
4. Regionrådet for Hallingdal sine representantar i styringsgruppe er:
 - Pål Rørby
 - Jan Olav Helling
 - (Ev ein rådmannsrepresentant)

Karsten Popp Dideriksen Rådmann Ål kommune vart vald som representant frå rådmannsutvalet.

I prosjektplanen som låg ved sak 58/22 var det skissert at sluttdato for prosjektet var 1. juni 2023. Å sikre finansieringsgrunnlaget for Campus Hallingdal var eit vesentleg arbeid som var planlagt at måtte halde fram mot framlegget til statsbudsjett i oktober og mogeleg fram mot statsbudsjettvedtak i nov/des. Ut frå dette var det frå styringsgruppa ynskjeleg å forlenge forprosjektet med 6 mnd.

I [sak 38/23](#) Forlenging av forprosjektet Campus Hallingdal vart det gjort slikt vedtak: «Regionrådet vedtek at forprosjektperioden for Campus Hallingdal blir forlenga til 31.12.2023»

4.september 2023 troppa forskings- og høgare utdanningsminister Sandra Borch opp på kontoret til ordførar Heidi Granli med ei gladnyheit. I statsbudsjettet for 2024 vil regjeringa setje av pengar til etablering av Campus Hallingdal. Åtte millionar fyrste året deretter same sum årleg.

Vurdering:

Kvifor ynskjer me ei universitetsetablering i Hallingdal? Nyare utgreiingar understrekar at geografisk nærvær av fullverdige høgare utdanningsinstitusjonar er avgjerande for å styrke grunnlaget for levande og berekraftige lokalsamfunn.

Hallingdal:

- Har eit stort behov for høgare utdanning både i offentleg og privat sektor
- Treng tilgang på forsknings- og utviklingsmiljø
- Er ein region i vekst MEN "utan" ungdom og unge vaksne!

Ei universitetsetablering som Campus Hallingdal vil bli ein regional vekstmotor!

Hovudmålet er å utvikle og styrke utdanning, forskning, innovasjon og heilskapleg samfunnsutvikling i Hallingdal.

Forprosjektperioden for Campus Hallingdal vart forlenga til 31.12.2023. Dette vart gjort for å arbeide vidare for å sikre finansieringsgrunnlaget for Campus Hallingdal fram mot statsbudsjettframlegget i oktober og mogeleg fram mot statsbudsjettvedtak i nov/des.

Det er ingen grunn til å tru at det blir endringar i regjeringa sitt forslag til årlege løyvingar på 8 mill. over statsbudsjettet til Campus Hallingdal, i samband med handsaminga av statsbudsjettet for 2024. Merknaden frå ein samla komité til statsbudsjettet 2023 styrkar dette synet.

"Komiteen merker seg det store engasjementet og gode arbeidet som er gjort rundt etablering av et «Campus Hallingdal» som et fullverdig campus ved Universitetet i Sørøst Norge i Hallingdal. Komiteen ber regjeringen følge godt med på prosjektet og bidra til fremgang av det lokale arbeidet som er gjort med prosjektet". Utdannings- og forskningskomiteen, Stortinget

USN ynskjer oppstart av Campus Hallingdal hausten 2024. Finansieringa av oppstarten er sikra, med det atterhaldet som ligg i handsaming av stasbudsjettet i Stortinget, og dette gjer at styringsgruppa for Campus Hallingdal ynskjer å starte arbeidet med etablering av Campus Hallingdal snarast råd. Ekstra tid til etablering vil vera gull verdt.

Det er bestemt at det er desse tre studietilboda ein vil starte med ved Campus Hallingdal:

- Innovasjon og entreprenørskap (20 studieplassar)
- Grunnskulelærer (20 studieplassar)
- IT og informasjonssystem (20 studieplassar)

Forprosjektet Campus Hallingdal har vist at grunnlaget for eit hovudprosjekt/etableringsprosjekt absolutt er tilstades.

Etablering av Campus Hallingdal vil bli nybrotsarbeid både for USN og Hallingdal. Dette er etablering av ein heilt ny studiestad. Kva dette vil kunne bety for Hallingdal i eit regionalt utviklingsperspektiv er det ingen som veit. Men det har opna seg ei mogelegheit som Hallingdal no må nytte.

Når det her skal byggjast opp eit nytt campus i ein region vil det vera heilt avgjerande med eit tett samarbeid mellom partane. Det er ynskjeleg å vidareføre tre-parts samarbeidet Regionrådet for Hallingdal, Gol kommune som vertskommune og USN, i ei eller anna form. I samband med etablering vil ein større del av ansvaret ligge hjå USN og Gol som vertskommune.

I stort ser ein for seg fire hovudoppgåver framover:

- Studentar og innhald
- USN i Hallingdal
- Gol som studiestad
- Hallingdal bu og leva

Ein foreslår at forprosjektet blir avløyst av eit etableringsprosjekt frå 1.10.2023, der endeleg prosjektplan skal handsamast i desember 2023, etter at statsbudsjettet er vedteke.

Viktige arbeidsoppgåver dei komande 2 -3 mnd. vil m.a. vera:

- Sikre at statlege finansiering står ved lag
- Konkretisering i forhold til marknadsføring og kommunikasjon
- Avklare aktuelle lokalitetar for oppstart Campus Hallingdal
- Avklare mogelegheita studentbustadar, inkl. finansiering
- Avklaringar i forhold til grunnskulelærarutdanning
- Vidare arbeid med forankring lokalt, regionalt og nasjonalt
- Arbeid med aktuelle finansieringskjelder

Økonomi

Forprosjektet hadde ei finansieringsramme på kr. 800.000 som var fordelt slik:

- Regionrådet for Hallingdal: kr. 200.000
- Sats på Hallingdal: kr. 200.000
- Gol kommune: kr. 400.000

USN har i fyrste rekkje sett av naudsynte timeressursar i forprosjektet.

Det er og verdt å nemne at Gol kommune i tillegg har løna prosjektansvarleg, som har gjort ein innsats i forprosjektet langt utover det som naturleg ligg til prosjektansvarleg.

Det står att omlag kr. 350.000 i forprosjektet som blir føreslege at blir overført til etableringsprosjektet. Når det gjeld etablering vil USN sitt bidrag i form av eigeninnsats vera stor, i tillegg vil USN nytte eigne ressursar som naturleg høyrer til USN sitt ansvar i samband med etablering. USN vil ha eit eige institusjonelt prosjekt for koordinering av etablering av studietilbod, fagmiljø og studentmiljø. Det vil bli leia av rektoratet sin stab i tett samarbeid med universitetet sine fakultet og administrative einingar. Dette er kostnader som ikkje er rekna inn i etableringsprosjektet.

Ein del av kostanden i felles etableringsprosjekt vil vera prosjektleiing, der det er føresett at denne ressursen skal gjera ein del konkrete arbeidsoppgåver. Det er berekna ressursar til prosjektleiing tilsvarande 60% stilling i ca. eitt år. Dersom ein føreset ei viss arbeidsdeling mellom PA og PL som i forprosjektet og der Gol kommune tek ansvar for kostnad PA, vil kostnad prosjektleiar vera i storleik 500.000 kroner.

I tillegg kjem m.a. kostnader til kommunikasjon/marknadsføring/involvering, studietur og arbeid med Gol som studiestad og bu og leva i Hallingdal.

Total kostnad er rekna til kr. 1.000.000. I tillegg kjem ein betydeleg eigeninnsats frå partane. Endeleg budsjett skal avklarast i prosjektplan.

Når det gjeld finansiering er det ikkje lagt opp til ytterlegare finansiering frå Regionrådet for Hallingdal og Gol kommune. Resterande finansiering av kr. 650.000 vil kunne dekkjast av fondsmidlar og det vil kunne søkjast om midlar frå «Sats på Hallingdal».

Forslag til vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal støttar styringsgruppa sitt forslag om at forprosjektet blir avløyst av eit etableringsprosjekt frå 1.10.2023.
2. Endeleg prosjektplan for etableringsprosjektet skal handsamast i oktober 2023, etter at statsbudsjettet er vedteke.
3. Regionrådet for Hallingdal takkar for vel utført arbeid så langt og ber om at sluttrapport forprosjekt blir levert i løpet av oktober 2023.
4. Regionrådet støttar styringsgruppa for forprosjektet sitt forslag om å vidareføre tre-parts samarbeidet Regionrådet for Hallingdal, Gol kommune som vertskommune og USN.
5. Regionrådet for Hallingdal ser det som naturleg at Regionrådet for Hallingdal står som prosjekteigar av etableringsprosjektet Campus Hallingdal.
6. Tre-part samarbeidet Regionrådet for Hallingdal, USN og Gol kommune skal i etableringsprosjektet legge til rette for utviklinga av eit fleircampuskonsept i Hallingdal. Dette skal tene heile landet i tillegg til å møte regionen sine eigne kompetansebehov. Det blir lagt til grunn for Campus Hallingdal at det er eit permanent nærvær, som skal ta hand om studiekvalitet, livslang læring og kunnskapsbasert regional utvikling.
7. Det er eit klart mål at Campus Hallingdal er etablert og i drift frå hausten 2024
8. Etableringsprosjektet blir gjennomført etter PLP-metoden.

Dagleg leiar rår til at organisering i forprosjekt bør vidareførast i etableringsprosjektet.

Prosjekteigar: Regionrådet for Hallingdal

Prosjektansvarleg (PA): Ordførar i vertskommune (Gol kommune)

Prosjektleiar (PL): Knut Arne Gurigard

Styringsgruppe: Representantar frå Regionrådet for Hallingdal, Gol kommune og USN, andre?

9. Etableringsprosjektet har ei økonomisk kostnadsramme på kr. 1.000.000 der finansiering er endeleg avklart i samband med prosjektplan.
10. Det skal utarbeidast detaljert framdriftsplan i samband med prosjektplan, men det er føresett at etableringsprosjektet er avslutta innan 1.12.2024.

Hallingdal 21.9.2023

Jan Olav Helling

Dagleg leiar